



Ivar André Kvalheim Medaas  
Isdalstøbakken 72  
5916 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/6524 - 21/73308

Saksbehandlar:  
Josep Gayrbekov  
josep.gayrbekov@alver.kommune.no

Dato:  
05.11.2021

## Klagen avvises - gbnr 137/117 Alver

**Administrativt vedtak:**      **Saknr: 1176/21**  
**Tiltak:**                              garasje  
**Byggjestad:**                      Gbnr: 137/117  
**Tiltakshavar:**                      Ivar André Kvalheim Medaas  
**Ansvarleg søkjar:**                      Reknes Byggjevarer Ll

### VEDTAK:

**Klage datert 26.10.2021 vert avvist med heimel i fvl 33 då klagen er sett fram etter at klagefristen i fvl § 29 er gått ut og det ikkje er grunnlag for å gje oppreising for oversitta klagefrist etter fvl § 31.**

Alver kommune viser til klage datert 26.10.2021 på vedtak om gebyr utstedt den 20.09.2021 i samband med handsaming av søknad om løyve til oppføring av garasje. Saksnr. 974/21

### Vurdering

Det følger av forvaltningslova (fvl) § 28 1.ledd at «enkeltvedtak kan påklages av en part eller annen med rettslig klageinteresse i saken til det forvaltningsorgan (klageinstansen) som er nærmest overordnet det forvaltningsorgan som har truffet vedtaket (underinstansen).»

I fvl § 33 2.ledd står det at «Underinstansen skal foreta de undersøkelser klagen gir grunn til. Den kan oppheve eller endre vedtaket dersom den finner klagen begrunnet. Dersom vilkårene for å behandle klagen ikke foreligger, skal underinstansen avvise saken, jfr. dog § 31.»

### Oversitta klagefrist

Klagefristen er tre veker frå det tidspunktet underretning om vedtaket er kome frem til parten, eller frå det tidspunktet parten fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket, jf. forvaltningsloven § 29.

Alver kommune sitt vedtak om gebyr ble utstedt den 20.09.2021. Klagefristen er 3 veker og gjekk ut den 11.10.2021.

Klagefristen er oversitta med 2 veker. Klagen er ikkje rettidig.

Det følgjer av fvl § 31 at «*selv om klageren har oversittet klagefristen, kan klagen tas under behandling såframt*

*a) parten eller hans fullmektige ikke kan lastes for å ha oversittet fristen eller for å ha drøyd med klage etterpå, eller*

*b) det av særlige grunner er rimelig at klagen blir prøvd.»*

I vurderinga av om klagen skal realitetshandsamast skal det leggest vekt på om endring av vedtaket kan føra til skade eller ulempe for andre.

Klager skriv følgande:

Hei,

Viser til faktura som gjelder "Løyve til oppføring av garasje - gbnr 137/117 Alver (21/6524)"

Det opplyses at søknaden var komplett og klar for handsaming den 12.07.2021 og frist for sakshandsaming er 3 veker fra denne dato. Saken ble først godkjent 20.09.2021.

Jeg klager med dette på gebyret som er fakturert, og ber om reduksjon i pris.

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje klagerett på forskrifter, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr eller over storleiken på gebyret.

Administrasjonen vidare ikkje sjå at det føreligg særlege grunnar for reduksjon av gebyr etter gebyrregulativet for Alver kommune 2020, pkt. 4.9. Søknaden var klar for handsaming den 12.07.2021. Vedtak ble treft 21.09.2021. Sjølv om det er uheldig at sakshandsamingsfristen ble overskrida, vurderast ikkje avviket stort nok til å kvalifisere til ein reduksjon.

Det føreligg ikkje grunner som taler for at klagen blir prøvd etter fvl. § 31(1) bokstav b.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klagerett**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) § 2 3.ledd. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Det følgjer av gebyrregulativet for Alver kommune 2020, pkt. 4 sjette ledd at ilagt gebyr skal betalast uavhengig av senere vedtak, klage på vedtak, klage på gebyr eller søknad om refusjon eller søknad om redusert gebyr. Klage eller søknad om fritak/reduksjon fører ikkje til utsett betalingsfrist. Gebyret skal betalast innan forfall jf. pkt. 4.1

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Josep Gayrbekov  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Ivar André Kvalheim Medaas	Isdalstøbakken 5916 72	ISDALSTØ
Linn Fløysand Medaas	Isdalstøbakken 5916 72	ISDALSTØ